



Voss Vvs AS
Brynaskogen 14
5705 VOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5737 - 21/82004

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
06.12.2021

Søknad om utsløppsløyve vert avslutta utan handsaming - gbnr. 424/252 og 424/253 Bø

Administrativt vedtak: **Saknr: 1297/21**

Byggestad: Gbnr: 424/252
Tiltakshavar: Leif Ove Øyeflaten
Ansvarleg søkjar: Voss Vvs AS
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Med heimel i forskrift om begrensning av forurensing § 12-4, vert søknad om utsløppsløyve for gbnr. 424/252 og 424/253. avvist. Grunngevinga går fram av vurderinga under.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om søknaden skal takast til handsaming.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Alver kommune har den 17.06.2021 mottatt søknad utsløppsløyve for eigedom gbnr. 424/252 og 424/253 Bø.

Søknaden vart svara ut med mangelbrev datert 07.07.2021. Følgjande manglar vart etterspurd:

1. **Søknadsskjema.** Det er søkt om utsløppsløyve etter §13 i Forureiningslova. Dette er eit §12 tiltak og det må sendast inn korrekt søknadsskjema. Elektronisk søknadsskjema er å finne på Alver kommune si heimeside.
2. **Kart/situasjonsplan.** Vedlagte kart/situasjonsplan er ikkje målsett. Det må påførast avstand til bygningar og tomtegrense. Det er Forureiningsforskrifta §12-4 d sett krav om kart i målestokk 1:5000. Vedlagt kart i målestokk 1:500 og 1:5000 må nyttast.

- 3. Eksisterande leidning til sjø.** Det ligg ikkje føre opplysningar om eksisterande leidning til sjø. Dokumentasjon frå røyrleggjar om storleik, lengde, djupne og at eksisterande leidning til sjø er i forskriftsmessig stand må leggjast ved søknaden.
- 4. Serviceavtale.** Skjema for serviceavtale manglar signatur. Serviceavtale med signatur frå både seljar og anleggeigar skal sendast kommunen før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest.
- 5. Søknad etter Plan- og bygningslova.** Me gjer merksam på at tiltaket er søknadspiktig etter Plan- og bygningslova. Arbeida kan ikkje setjast i gang før dette ligg føre godkjenning etter Plan- og bygningslova.

Frist for tilbakemelding vart sett til 07.09.2021. Alver kommunen har ikkje motteke etterspurde opplysningar og vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. forskrift om begrensning av forurensing § 12-4. Søknaden vert avvist. Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak treft av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/5737

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Atle Bilsback	Tymbrålen 45	5709	VOSS
Leif Ove Øyeflaten	Istadvegen 29	5709	VOSS
Voss Vvs AS	Brynaskogen 14	5705	VOSS